

# Om å lære tysk med *Los geht's*

## Intensjonen bak *Los geht's*

Variasjon er nødvendig for å møte alle elevane i ein tyskklasserom. Ein god variasjon er med på å halde interessa ved like og gjer at ein som lærar møter elevane på deira premissar. *Los geht's* tilbyr eit mangfald av dialogar, kortare og lengre lesestykker og autentiske tekstar av varierende vanskegrad. Til desse finst det mange oppgåver av ulik art, lengd og vanskegrad, til dømes kommunikative oppgåver og ordkunnskapsoppgåver. Ulike øvingar aukar moglegheitene for individualisering i klasserommet. *Los geht's* gir derfor eit godt grunnlag for differensiering i tyskundervisninga.

*Los geht's* legg opp til at elevane skal vere aktive. Med dette meiner vi at dei skal bruke språket både som mottakar og avsendar i klasserommet. *Los geht's* har mange oppgåver både i tekst- og arbeidsboka som er laga for grunnstrukturane i det tyske språket. Vidare gjer eit breitt utval av aktivitetsoppgåver det mogleg for elevane å bruke språket aktivt frå første time. Elevane bør bruke mykje tid på aktivitetar som går ut over det reint reproduktive og formelle. Det er viktig at dei får leike med språket i friare og (tilnærma) autentiske situasjonar.

## Tekstboka

Tekstboka er basert på kravet i læreplanen om kommunikativ kompetanse og interkulturell forståing. Det er lagt vekt på at ulike teksttypar og tema blir introduserte, og at elevane skal få god innsikt i kultur og geografi i dei tysktalande landa. Siktemålet er at elevane skal bli aktive brukarar av det tyske språket.

A-teksten introduserer hovudemnet i kapitlet og er som regel ein dialog eller ein enkel tekst som tek opp dagsaktuelle tema. A-teksten er ein enkel tekst som alle elevane bør arbeide med. Relevant grammatikk og ordkunnskap blir ofte introduserte gjennom A-teksten. B-teksten ligg litt over A-teksten i vanskegrad, men også han bør vere grei for dei fleste elevane å komme gjennom. C-teksten eignar seg godt til differensiering. Dei inneheld dikt, små historier eller anekdotar, oppskrifter, songar osv. Denne teksten kan vere noko meir lausriven frå tema i kapitlet og kan brukast som ekstramateriell eller lesast av alle. Den siste teksten i kvar leksjon handlar om «Landeskunde». Her får elevane god innsikt i geografi og kultur i dei tyskspråklege landa.

## Arbeidsboka

I arbeidsboka er det lagt opp til eit stort utval av oppgåver som trenar dei fem grunnleggjande ferdigheitene. Oppgåvene spenner over eit vidt register, og formelle og friare oppgåver står side om side. Elevane skal på ein fornuftig og morosam måte lære seg det tyske språket. Intensjonen bak læreverket er mellom anna at elevane lærer å ta ansvar for og blir bevisste på eiga innlæring. Det er ein kopioriginal med punkt der elevane kan gjerast bevisste på dette.

Grammatikkoppgåvene følgjer ein progresjon som det i stor grad blir lagt opp til i A- og B-tekstane i tekstboka.

Dei fleste elevane møter svært lite tysk språk i omgivingane sine. For å få eit best mogleg utbytte, bør samtalspråket i klasserommet så godt det lèt seg gjere, vere tysk. Dette gjeld helsing, korte beskjedar, meningsutveksling og samtale mellom elevane. Grammatikk bør bli gjennomgått på norsk.

## Dei ulike komponentane i *Los geht's*

*Los geht's* består av desse komponentane for kvart trinn: tekstbok med eit rikt utval munnlege oppgåver, arbeidsbok som fokuserer på grammatikkforståing, og skriftlege ferdigheiter og nettstad med filmar, lydfiler, interaktive grammatikkoppgåver, kopioriginalar og lærarrettleiing med tilvisingar og undervisningstips.

## Mappevurdering

Mappevurdering er ein metode som kan brukast for at eleven skal kunne sjå si eiga utvikling i tyskfaget. Mappa er ei systematisk samling elevarbeid som tydeleg viser innsatsen, framsteget og presentasjonen til eleven, og inneheld planlegginga, eigenvurderinga og lærarkommentarane til eleven. Ho bør også innehalde ei loggbok, der eleven bevisst gjer greie for tankar rundt arbeidet med faget.

Arbeidet med mappa kan vere med å gjere eleven meir sjølvstendig og ta større ansvar for eiga læring. Mappa kan vere ein perm, ei enkel mappe eller liknande, der loggboka til eleven med eiga planlegging og kommentarar til arbeidet, i tillegg til tilbakemelding frå læraren, utgjer innhaldet. Elevane vel sjølve kva oppgåvesvar dei ønskjer å leggje i mappa si, og desse

svara skal vise utviklinga kvar elev har i faget. Det kan dreie seg om skriftlege oppgåver, bilete med skildrande tekst, videoopptak osv.

Det er viktig at eleven sjølv aktivt er med på å velje innhaldet i mappa, og at det finst kriterium for utvalet.

Vurderinga av ei mappe bør skje ut frå kriterium som er utarbeidde av både læraren og eleven.

## Dei grunnleggjande ferdigheitene

Dei grunnleggjande ferdigheitene skal prioriterast i alle fag. Ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla i tyskfaget ut frå premissane for faget. Dei er knytte til faginnhald og aktivitetar. Stortingets innstilling til «Kultur for læring» inneheldt fem grunnleggjande ferdigheiter. Desse fem ferdigheitene inneber:

- *å kunne uttrykkje seg munnleg*
- *å kunne lese*
- *å kunne uttrykkje seg skriftleg*
- *å kunne rekne*
- *å kunne bruke digitale verktøy*

Regjeringa har føydd til «ferdigheiter i engelsk», «læringsstrategiar og motivasjon» og «sosial kompetanse» til dei allereie vedtekne grunnleggjande ferdigheitene. I tyskfaget kan vi arbeide for å styrkje desse ferdigheitene på mellom anna desse måtane:

*Ferdigheiter i engelsk* vil elevane tileigne seg spesielt når dei søker på Internett. Funksjonar i dataprogram er ofte på engelsk, og mykje fagstoff på Internett er også det. Det kan ofte vere tenleg å samanlikne med engelsk ved innlæring av grammatikk.

*Læringsstrategiar og motivasjon.* I tyskfaget har elevane høve til å sjå konkrete konsekvensar av vala sine. Måten dei vel å løyse ei oppgåve på, skriftleg og/eller munnleg, vil ofte ha eit produkt som resultat. Dette kan vere skriftlege tekstar i ulike sjangrar og munnlege produkt som skodespel, foredrag, songar og dikt. Elevane vil måtte tenkje bevisst på eiga læring og problemløysing, og dei vil derfor tileigne seg metakognitiv kompetanse. Motivasjonen aukar når elevane lykkast med noko, og eg trur også han aukar når dei får bruke både hovudet og kroppen.

*Sosial kompetanse* handlar om kva evne individet har til å samspele med andre i ulike situasjonar. I skolesamanheng snakkar vi om å utvikle empati, samarbeidsferdigheiter, sjølvhevding, sjølvkontroll, ansvarlegheit og leik, glede og humor. Forsking viser at musikk, kultur, kreative fag og vektlegging av estetikk har positiv innverknad på læringsmiljøet når det blir brukt aktivt og bevisst. I tyskfaget aukar vi den sosiale kompetansen gjennom å ha klart definerte oppgåver og vurderingskriterium, men samstundes fridom til å sleppe kreativiteten og fantasien laus. Den sosiale kompetansen som elevane skal lære, må etterspørjast, oppmuntrast og verdsetjast i læringsmiljøet rundt elevane, og det må leggjast til rette for at dei skal kunne bruke ferdigheitene sine.

### **Ulike læringsstilar – korleis oppgåvene og lærestoffet er tilpassa desse**

Dei siste åra har merksemda rundt dei ulike tenkje- og læringsstilane til elevane auka. I skolen legg ein vekt på tilpassa opplæring, der ein tek omsyn til at elevane arbeider ulikt og lærer seg ting på ulike måtar. Forsking har vist at ulike læringsstilar passar ulike menneske, ofte ei blanding av fleire stilar. Korleis kvar enkelt innhentar og hugsar kunnskap på best mogleg måte, varierer altså. Kjende forskarar på området er mellom anna Howard Gardner (dei sju intelligensane) og Kenneth og Rita Dunn. Dei meiner at sjølv om dei fleste menneske kan lære seg nye ting på fleire ulike måtar, så passar ein eller to måtar kvart individ best. Utnyttar ein dette når nye ting skal lærast, oppnår ein best resultat, og innlæringa går fortare.

Dersom vi skal kunne tilpasse undervisninga til behovet kvar enkelt elev har, bør undervisninga innehalde ulike måtar å tileigne seg kunnskap på. Di meir variasjon undervisninga kan by på, di større er sjansen for at fleire skal lære. Stil seier noko om korleis eleven vel å møte utfordringar i læringsmiljøet. Dette vil seie at stilen til ein elev kan variere i ulike miljø og ut frå utfordringar av ulik karakter. Ein stil skil seg frå evner ved at han kan vere betre enn ein annan stil i ein gitt situasjon eller miljø, men til skilnad frå evner skal alle stilar i gjennomsnitt vere like gode. Stilar må ikkje forvekslast med intellektuelle evner eller personlegdom.

Dei ulike læringsstilane blir skildra slik:

#### **Auditiv**

Passar best for elevar som framfor alt bruker høyrsla ved innlæring. Dei lærer best gjennom å lytte, prate og syngje.

## Visuell

Passar for elevar som framfor alt bruker synet ved innlæring gjennom å lese, sjå på bilete, sjå filmar osv.

## Taktil

Fungerer best for dei elevane som framfor alt bruker følesansen, spesielt hendene, ved innlæring. Dei lærer best gjennom å gjere praktiske ting med hendene.

## Kinestetisk

Eignar seg for dei elevane som bruker heile kroppen ved innlæring. Dei treng å bevege seg gjennom rollespel, leikar og dramatisering.

Vi kan også sjå på læringsstilar som to hovudstilar når det gjeld å arbeide vidare med kunnskap og informasjon, der det viktigaste skiljet går mellom det *analytisk-lineære* og det *syntetisk-lineære*. Omsett til meir normalt språk betyr dette skilnaden mellom å få lærestoffet presentert som heilskapar, og deretter sjå på delane (sirkulært), eller å få stoffet presentert bit for bit som legoklossar, for deretter å byggje alt saman til ein heilskap til slutt. Somme tider og i enkelte samanhengar er dette det same som skilnaden på *induktiv* og *deduktiv* presentasjon av lærestoffet.

Tysktimeane er ein arena der det er enkelt å leggje til rette for individuelle tilnærmingar til lærestoffet og oppgåvene. Som lærar er det viktig å kjenne til læringsstilane for å kunne planleggje aktivitetar og utarbeide kriterium for vurdering. I *Los geht's* har eg bevisst laga oppgåver tilpassa ulike læringsstilar. Teoristoffet går hand i hand med den praktiske tilnærminga i dei fleste oppgåvene.

## Differensiering og taksonomi

Taksonomi handlar om å ordne måla for læring etter stigande vanskegrad. Blooms kognitive taksonomi frå 1956 har seks hovudtrinn, som eg har forenkla til tre når eg har laga differensierte oppgåver i *Los geht's*.

### Forenkla taksonomimodell

*Nivå 1: Faktakunnskapar*

Oppgåver som ikkje krev meir enn reproduksjon og enkle handlingar.

### *Nivå 2: Forståing og bruk*

Oppgåver som krev evne til fortolking, forklaring, bruk av ny kunnskap og meir kompliserte handlingar.

### *Nivå 3: Analyse, syntese og vurdering*

Oppgåver som krev evne til å undersøkje, klassifisere, samanlikne, generalisere, trekkje slutningar, drøfte, granske og kritisere. Desse oppgåvene krev også evne til å gjere temmeleg kompliserte handlingar.

Det har ikkje alltid vore lett å plassere oppgåvene i desse tre kategoriane – fleire kunne til dømes vore plasserte både på nivå 2 og nivå 3. Men eg reknar med at lærarane bruker sitt skjønn, som eg har brukt mitt.

Blooms taksonomi kan tenkjast å svekkje arbeidet mot ein breiare kompetanse, mest fordi rein fagkompetanse kan bli dominerande. På den andre sida kan ein bevisst bruk av taksonomi vere med på å utvikle ein breiare kompetanse, noko som truleg er eit vilkår for å utvikle kreativitet. Ei eller anna form for verdisetjing vil alltid vere nødvendig i diskusjonen om kunnskapsmål. Elles vil andre reglar styre arbeidet, og da blir det gjerne tradisjonane.

Taksonomien er viktig når vi lagar kriterium for måloppnåing saman med elevane. Det er vesentleg å lage eksplisitte og presise målformuleringar, som gjer det mogleg å avgjere i kor stor grad ein når måla. Bloom tilrår modular (avgrensa periodar med klare mål og vurdering i etterkant) på ei til to veker, der ein sikrar at alle heng med før ein går vidare. Når det gjeld tyskfaget, vil taksonomien kunne brukast både når vi lagar lokale planar for faget, og når vi lagar oppgåver for elevane.